

## Husbygginga har starta i Nedre Halsane.

14.03.2016



Byggjinga er i gong for fullt i Nedre Halsane.

Sist haust vart det gjort eit flott arbeid med tilrettelegging av byggefeltet i Nedre Halsane. Det framstår no svært innbydande, og i dag starta ein ny og viktig etappe i byggjeprojektet. På føremiddagen i dag starta reisinga av første huset, ein tremanns-bustad. Allereie i 16.30-tida viste dette arbeidet godt att.



Her går det kjapt. Slik er det etter berre nokre timars arbeid.

Husa vert bygd av eit firma i Litauen som vert eigd av ein nordmann frå Dale. Deretter vert dei transportert hit i seksjonar med store trailerar for oppsetjing. Det er altså tremannsbustaden i feltet som vert bygt først. I den er to av leilighetene selde medan ein framleis er ledig. Her kan det sikkert vera lurt å vera kjapt ute no som byggjinga har starta.

Neste hus som vert bygt no er einebustaden. Den står klar til levering i Litauen og forventna byggjstart er i slutten av april. Den er for lengst seld.

Etter kvart vert det også bygt tomanns-bustader, og i desse er det også ledige leiligheter. Byggjefeltet ligg svært sentrumsnært til, og det vert nydeleg utsikt frå husa. Dessutan er mange begeistra for den flotte tilrettelegginga med fine murar, og der husa kjem platåvis. Til helga vert det visning i feltet, og Ivar Gundersen opplyser at det skjer mellom kl.14 og 16 lørdag, og frå kl.15 til 17 på søndag. Det er verkeleg verd å ta turen for dei som går med husplanar.

De finn fleire opplysningar om byggjeprosjektet ved å klikka på logoen til Nedre Halsane i høgre kolonne her på sida.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland